



Kyrkjeblad

FOR ÅSKVOLL

Nr. 3 | JUL | 2018 | 95. ÅRG.



*Vi ynskjer alle
ei velsigna adventstid og ei god jul!*



Juleandakt 2018

ASK ME

Juleevangeliet er forteljinga om Jesus som vart født og lagt i ei krubbe. Difor vert det laga ei rekkje framstillingar av julekrubber med Jesus, Maria og Josef som dei sentrale figurane. Dette bildet er hogge inn i byfjellet Moqattam, like ved den store Grottekatedralen og søppelbyen i Kairo. Mitt første inntrykk då eg såg denne julekrubba, var at eselet fekk ein stor plass. Kvifor? Kva kan vel eit esel fortelje meg om Jesus Kristus, dersom det kunne snakke? Okse og esel høyrer med i julesongane og som figurar i julekrubber, sjølv om det er berre julekrubba om er omtalt i teksten. Er det berre i fantasien vår at dyra får sin plass i julevangelet? SPØR MEG, står det skrive på eselet. Kan eg ha oversett noko?

Det første eg fann var at profeten Jesaja ber fram ei klage frå Herren: *«Born har eg fostra og oppdrege, men dei har sett seg opp mot meg. Ein okse kjenner eigaren sin og eit esel krubba til herren sin. Men Israel kjenner ikkje, folket mitt forstår ikkje. Dei har forlate Herren, forakta Israels Heilage og vendt ryggen til han»* (Jesaja 1,2-4).

Eselet kjenner krubba til herren sin. Kjenner eg min, Herre og Gud? Eselet er vendt mot barnet som ligg i krubba? Er eg det? Julevangelet handlar ikkje berre om barnet som vart født i Betlehem, men å vende seg til Jesus Kristus i tilbeding og lovsong:

«Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda blant menneske Gud har glede i.»

Eslet har munn og mæle, men kan korkje snakke eller synge. Likevel har det ein stor plass i forteljinga om Marias barn og Guds son. Jesus valde å ri på eit esel då han stod fram som Fredsfyrste. Eselet bar Jesus og Jesus bar all verdas synd og skam.

Reidar Knapstad



Takk og farvel

Det er tid for å seie takk og ta farvel.

Vel 20 år er gått sidan eg kom til Askvoll. Det var ein sumardag i -98. Eg var 28 år og spent på kva som venta. Det var mi første stilling, etter eitt år i Forsvaret, som sjøforsvarsprest på Madla i Stavanger.

Askvoll er ei vakker bygd. Ein god stad å bu. Utsikten frå prestegarden er flott, – og finare har den blitt med åra. Fjord og fjell og fin natur er godt, men ikkje nok. Viktigast er menneska. Eg opplevde å bli tatt godt i mot. Takk! Det har vore godt å vere prest i Askvoll.

Sjølv om eg dreg frivillig, kjenner eg på eit vemod. Ei tid er over. Ein viktig epoke i livet slutt. Gårsdagen kan ingen av oss kalle tilbake.

Ein vismann sa at den største kunst i livet er å kunne bla om og gå vidare når eit kapittel er over. No skal eg prøve på det.

Å vere prest har ikkje berre vore eit yrke, men og eit liv. Felleskapet i kyrkjelydane er avgjerande for prestetenesta. Kollegar og medarbeidarar òg. Utan ville tenesta vere uuthaldeleg. Takk for fellesskap og samarbeid. Takk for forbøn og for støtte. Takk for omsorg og for omtanke. Ei særskild takk til dykk som trufast har møtt til gudsteneste. Hald fram med det!

Må Gud velsigna kyrkjelydane i Askvoll og alle dykk som bur her. Eg avsluttar tenesta med gudsteneste i Askvoll kyrkje søndag 27. januar kl. 11.00. Velkomen til den!



Med takksam helsing – Stein Hugo Fykse

Vikar for soknepresten i Askvoll

Hittil har det ikkje lukkast å få avtale med vikarprest som kan bu i Askvoll når Stein Hugo Fykse flyttar frå Askvoll i månadsskiftet januar – februar 2019. Prosten vil difor styre prestetenesta og syte for at det er prest ved gudsteneste og kyrkelege handlingar til ny prest er på plass.

Ungdomsprest Erling Nydal fullfører konfirmantundervisninga og tek ansvar for temagudstenesta i Askvoll kyrkje 17. mars kl. 17.45.

Jørgen Grimlelid, som bur i Bergen og har hus i Stongfjorden, har fått fullmakt frå biskopen til å forrette gudsteneste med dåp og nattverd i Askvoll sokn frå 17. mars og inntil vidare. Vi er takksame for at han har sagt seg villig til å ta ansvar for ei rekkje gudstenester, i første omgang ut mars, men truleg også april og fram til og med 11. mai.

Prost Reidar Knapstad møter i soknerådet og til avtalt tid på kyrkjekontoret til samtale og planlegging av arbeidet. Han er og tilgjengeleg på telefon 975 68 220. Soknepresten i Hyllestad, Audun Systad, prostiprest Stein Oltedal og i tillegg andre prestar i Sunnfjord gjer teneste i Askvoll sokn etter avtale.

Soknepreststillinga i Askvoll vert lyst ledig i veke 1 i 2019 med søknadsfrist 10. februar med planlagt tilsetjing i Bjørgvin bispedømmeråd 20. mars 2019. Det er difor håp om at ny sokneprest kan vere på plass før sommaren. Ordninga med tenestebustad er oppheva, men prestebustaden i Askvoll vert likevel tilgjengeleg for utleige.

Reidar Knapstad – Prosten i Sunnfjord

Hausttreff og Nattcup, helg etter helg



Oktober er ein innhaldsrik månad for den som er konfirmant i Askvoll. Årets konfirmantkull tel 26 ungdomar.

Helga 19.–23. november var vi tradisjonen tru, på hausttreff på Nesholmen i Nordfjord, saman med mange andre ungdomar frå Sunnfjord. Arrangør av haustreffet er KFUM/KFUK.

Tema for haustreffet var: **Bryt lydmuren**. Det handla om å våge å snakka om trua si.

Haustreffet har eit innhaldsrikt program frå tidleg morgon til dei seine kveldstimar med mykje lek, sang, musikk og dans.

Helga blei avslutta med gudsteneste.

Ei triveleg helg.





Nattcupen i Førdehuset natt til 27. oktober

samla om lag 500 konfirmantar. I tillegg til fotballturnering er det mykje anna som går føre seg gjennom natta. M.a. bading, «bruskassekltring», kåring av beste heijagjeng, gudsteneste ved midnatt, globalaksjon der det blei samla inn pengar til eit veldedig formål i regi av KFUM/KFUK. For å nevne noko.

Askvoll stilte med to lag til fotballturneringa. Eit gutelag og eit jentelag. Det var jentene som nådde lengst, men nokon pokal greidde vi ikkje å dra med oss heim, trass strålende innsats.

To kjekke helger der konfirmantane koste seg.



Guds mirakler

– Jeg har opplevd at Gud gjør mirakler i livet mitt, sier Åm, og smiler. Hun var en vanlig praktiserende buddhist. Nå har hun møtt Jesus og fått med seg mor og bror på veien.

Det hele startet for 13 år siden. Aom Nipaporn Kunaruk, som bare kalles for Åm, bodde i en liten landsby utenfor Mukdahan, nordøst i Thailand. Evangelisten Sim besøkte landsbyen hennes fordi hun skulle undervise i engelsk, og Åm hadde lyst til å lære engelsk. Dette førte til at hun ble med i kirka hver søndag, og Åm følte seg vel der. Det var et godt sted å være. Etter hvert som hun lærte mer om kristendommen, begynte en gryende tro å vokse fram.



Åm.



I juni 2018 var det utdeling av vitnemål for de som avsluttet studiene ved det lutherske seminaret i 2017.

Bønn. Foreldrene til Åm hadde skilt lag, og Åm bodde sammen med moren. Moren ville at Åm skulle slutte på skolen. Hun måtte heller ut i arbeid og tjene penger, syntes hun. Men Åm ville ikke slutte på skolen, hun ønsket seg en utdanning. Med forskjellig syn på dette syntes Åm at livet ble vanskelig, men hun hadde jo lært av Sim at man kunne be til Gud om alt. En dag da hun var alene i kirka ba hun til Gud om at han måtte hjelpe henne med dette. Etter en stund kjente hun liksom en hånd som berørte skuldrene hennes, og siden hun var alene, var dette noe hun syntes var merkelig. Hun spurte Sim om hva det var hun hadde opplevd. Og Sim svarte at det var Gud som kalte på henne og hadde hørt henne. Deretter oppsøkte hun moren til Åm og sa at hun skulle ordne med at noen ville sponse datteren hennes gjennom studiene. Dette tillot moren, – hvis det virkelig var slik at Åm ville studere videre! Åm opplevde dette som at Gud så henne og brydde seg om henne, og hun gikk til dåpsopplæring og ble siden døpt. Dette er elleve år siden.

Guds vilje. Da Åm skulle avslutte videregående skole ville hun gå videre på universitetet og bli lærer. Sim lurte på om hun ikke heller ville studere teologi i Bangkok? Men Åm sa nei, selv etter en måneds betenkningstid. Men hun ba likevel denne bønne: – Hvis du, Gud, vil jeg skal studere teologi, så må du gi meg et tydelig tegn! Litt etterpå drømte hun en natt at hun underviste for små barn og lærte dem om Jesus. Også denne gangen mente Sim at Gud kalte på Åm. Sim fikk denne gangen tak i nye sponsorer, slik at hun kunne fortsette på studier i Bangkok. I begynnelsen tenkte Åm at hun ville bli prest i en menighet, men fant ut etter sitt tredje år på teologi at hun heller brant spesielt for barn og ungdom. Hun begynte å drømme om at hun kunne åpne egen barnehage når hun var ferdig utdannet. I 2017 jobbet hun et år som prest i en liten menighet i Nikom Kam Soi, som ligger litt utenfor Mukdahan. Men det var ikke dette hun skulle gjøre likevel, fant hun ut. I april 2018 fikk hun derimot en telefon fra kirkekontoret i Bangkok, om hun kunne tenke seg å jobbe på kirkens diakoniavdeling med fundraising. Dette syntes Åm hørt bra ut, og hun takket ja. Her har hun vært siden.

Mirakler. Gud har gjort mange mirakler i livet til Åm, slik hun selv opplever det. Broren hennes kom ut for en ulykke og ble hardt skadd i hodet, blant annet. Legene sa at han hadde 50 – 50 prosent sjanse for å overleve, og at i tilfelle han skulle overleve var det ikke sikkert han kom til å huske noe. Åm ba til Gud om at broren skulle bli frisk, og lovet Gud at hvis han ble bra igjen skulle hun ta ham med seg til kirka. Etter en måneds tid ble broren salvet og bedt for av en misjonær. Etter det begynte han å bli litt bedre, og til slutt var han frisk nok til å bli skrevet ut av sykehuset. Gud minnet Åm på løftet hun hadde gitt ham, så hun inviterte broren med seg til kirka. For tre år siden tok han imot Jesus og ble deretter døpt.



Åm sammen med pastor Sim Sampachanyanon som ble ordinert til prest i april 2018.

Det begynte med at Åm ble kristen. I dag er både broren og moren kristne.
– Gud svarer på bønner, og Gud utfører mirakler, sier Åm.

Tekst: Kine Gahnstrøm-Kalviknes

Askvoll kyrkjekor



På øving i kyrkja.



Kyrkjekoret deltok på lysmessa i Askvoll kyrkje første søndag i advent.

Kyrkjekoret vart oppretta i januar 2018. I starten var vi åtte koristar. I dag er vi oppe i 13 medlemmer og vi håpar på at vi blir fleire etter kvart. I repertualet har vi først og fremst kjente norske salmar og songar. I år 2018 deltok koret i to gudstenester og på to konsertar. Vi øver kvar torsdag i Askvoll kyrkje frå kl. 18 til kl. 20. Etter nyttår startar vi øvingane 10. januar.

Velkommen til oss!

Barnekor

I år har vi prøvd å starte eit barnekor. Det klarte vi ikkje på grunn av for få interesserte. Vi skal ta ei ny sjanse i året som kjem. Vi håpar at med hjelp frå vaksne får vi til eit fint barnekor her i Askvoll. Vi har øving på Askvoll skule kvar torsdag fra kl. 14.45 til 15.30. (Born frå 6 til 10 år.)

Vi har også fått ei fin nettside der alle som er interesserte kan melde sine born.

barnekor.webs.com

Velkommen til oss

For meir informasjon kontakt
Malgorzata Anna Tveit
tlf 951 84 429



Mariahelg på Alværa misjonscenter 2019

1. – 3. mars 2019 blir det Mariahelg for damer i alle aldrar.

Tema for helga vert «Vegen heim» – om tru og identitet i ulike livsfasar.

Dei som skal lose oss gjennom temaet vert:

Sokneprest i Jølster Silje Sørebo og psykologspesialist Yngvild Sørebo Danielsen.



Nye messehaklar og stolaer til Askvoll kyrkje

Første søndag i advent, og starten på nytt kyrkjeår, fekk vi nye messehaklar i alle dei fire liturgiske fargane til Askvoll kyrkje. Messehaklane vert brukte av forrettande prest under nattverdsfeiringa, men kan også verte brukte under prosesjonar, under alterteneste ved konfirmasjon, kyrkejubileum og liknande kyrkjelege fester. I tidlegare tider nytta ein berre kvit drakt under gudstenestefeiringa, men etter at ein fekk silke frå fjerne Austen på 1100-talet, fekk ein bekledding i fleire fargar som veksla med kyrkjeårstidene.

Heilt frå omkring år 1200 har ein hatt dei fire liturgiske fargane i kyrkja:

- Fiolett** – som symboliserer førebuing, oppgjør og sorg
– vert brukt i advents- og fastetida.
- Kvitt** – som symboliserer glede, fest og reinheit
– vert brukt til jul og påske.
- Raudt** – som symboliserer Anden og offer
– vert brukt i pinsen og martyrdagane.
- Grønt** – som symboliserer vekst og liv
– Det alminnelege kyrkjeåret.



TRU

Å tru er ikkje å vere skråsikker.
Å tru er ikkje å gjere seg til eller ville vere betre enn andre.
Å tru er å fly med skjelvande vengjer.
Å vere ærleg mot eiga begrensing og ekte lengt.
Å leite etter det fullgode, fullkomne, all-kjærlege.

Tru er hjartebanken frå eit menneskesom anar kor hjelpa finst.

Tru er tillit.
Frå eit menneske som er i kontakt med seg sjølv. Retta mot ein Gud som vi ikkje ser og ikkje kan begripe, men som vi har sett sterke glimt av gjennom Jesus frå Nasaret. Han som løfta svake menneske; oppmuntra, trøysta, styrka og gav håp der det minst var venta.

Å tru er å tru at livet mitt er meir enn eit tilfeldig blaff. At eg som menneske er ufatteleg mykje meir enn ein stakkarsleg kropp undervegs mot forfall og undergang.

Å tru er å strekkje seg for å finne ei meningsfull livsretning. Å rette hendene ut og ta imot. Medan du ser framover med forventning.



Sigurd Wahl Sande

Frå: Over motbakkene er himlen alltid blå.

Finn vegen til Betlehem!

Hjelp gjetarane og vismennene å finne vegen til stallen der Jesus er fødd!



Finn 8 namn frå juleforteljinga!

Namna på åtte personar og byar frå juleforteljinga er gøymde inni rutenettet under. Kan du finne dei?

O	G	S	K	U	E	M	B	O	K
M	A	P	N	I	K	S	E	B	I
A	B	R	A	H	A	M	T	E	L
R	R	I	S	O	U	Y	L	M	A
I	I	N	A	S	G	R	E	U	M
A	E	G	R	P	U	A	H	T	O
K	L	Ø	E	I	S	V	E	Å	T
T	I	T	T	E	T	I	M	K	O
J	O	S	E	F	U	S	S	U	R
T	R	E	L	I	S	A	B	E	T

Finn 5 feil

Teikning: Emily Fox

Gjeterane fann den nyfødde frelsaren i ei krubbe, akkurat som engelen hadde sagt. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Disse oppgåvene er henta frå bladet.



Bestill
abonnement

på Sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**

Vitsar

- Pappa, er pærer grønne?
 - Ja.
- Er dei saftige?
 - Ja.
- Har dei fire bein og eit hovud?
 - Nei.
- Æsj, då har eg nok ete ein frosk.

- I år er nyttårsloftet mitt å ete endå meir godteri.
 - Du meiner vel endå mindre?
 - Nei, det var i fjor. I år vil eg ha eit løfte eg klarer å halde.



Kyrkjevalet 2019

Sett ditt preg på kyrkja di

Kyrkja bygger fellesskap der du bur. Velkomen til å bidra!

I kyrkja skal det vere rom for alle som ønskjer det. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meiningar. Ulike vegar til tru. Ver med å ta ansvar for fellesskapet og for kyrkja di! Det er kyrkjeval 9. september 2019. Skal du stilla til val? Eller gje forslag om ein god kandidat? Du er invitert til å vera med på å skapa kyrkja i framtida!

Her kan du ta ansvar

Kyrkja di har rom for ditt engasjement. I møta med folk i nabolaget kan du bety noko med dine haldningar og det du gjer. Du trengst til ei av dei viktigaste oppgåvene i landet vårt: Å skapa sterkare fellesskap i bygd og by.

Ved kyrkjevalet skal det veljast 8000 frivillige til å leia arbeidet til kyrkja. Du kan vere med på noko stort: Sei ja dersom du vert spurd om å stilla til val. Og gje di røyst på valdagen. Vi vil samarbeida for at fleire oppdagar det store og gode ved å gje av si tid til det som byggjer fellesskap.

Kyrkja har eit mangfald av tilbod: Gudstenester, omsorg for menneske, dåp og trusopplæring, konfirmasjon og ungdomsarbeid, kor og kyrkjemusikk og aktivitetar for born. Med dei mange tilboda og fellesskapa våre, har vi også behov for eit mangfald av engasjerte menneske.

To val

Ved kyrkjevalet kan du røysta på kandidatar til både soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet.

Soknerådet

Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di. Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema – m.a. barne- og ungdomsarbeid, miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, og dessutan jus og økonomiforvaltning.

Bispedømerådet

I kvart bispedøme er det eit bispedømeråd. Bispedømerådet tilset prestar og nokre av dei andre tilsette i kyrkja. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste organet i Den norske kyrkja.

Kandidatlister

Soknerådet har oppnemnt ein nominasjonskomité som skal nominera kandidatar til soknerådsvalet. Det er i tillegg høve for andre til å levera inn eigne kandidatlister innan 30. april 2019. Alle kandidatlister er sette opp i prioritert rekkjefølgje.

Til dei regionale bispedømmerådsvala vil det finnast lister frå ein nominasjonskomité (som består av éin medlem frå kvart prosti i bispedømmet etter avstemming i eit valmøte der kvart sokneråd sender sin representant). I tillegg kan det koma lister frå andre nomineringsgrupper. Slike grupper kan ved å registrera seg innan 2. januar, søkja om økonomisk støtte til arbeidet sitt.

Kva gjer soknerådet?

Her er nokre døme på soknerådet sitt ansvarsområde:

- Trusopplæring for alle døypte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (omsorgstenesta til kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Langsiktig planlegging av arbeidet til kyrkjelyden
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved tilsettingar av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige

Kyrkjeleg fellesråd tek seg av administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna, og dei opprettar og legg ned stillingar. I Askvoll fungerer soknerådet òg som kyrkjeleg fellesråd, i og med at det berre er eitt sokn i kommunen.

Askvoll sokneråd har 10 medlemmer. Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta, og kommunen sin representant deltek i saker som ligg til kyrkjeleg fellesråd.

Soknerådet møtest 2-5 gonger i halvåret. Medlemene er valde for fire år.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemer viste at eit stort fleirtal trivst og opplever det som meningsfylt å vera med i soknerådet. 85 prosent synest vervet er meir eller like tilfredsstillande som dei hadde forventa.

Kyrkjevalet vert arrangert i eit lokale i nærleiken av der du stemmer ved kommune- og fylkestingvalet. Oversyn over stemmelokale og kandidatar du kan røysta på, finn du på www.kyrkjevalet.no når valet nærmar seg. Frå nettsida kan du frå sommaren 2019 òg lasta ned stemmesetlar.

Ti gode grunnar til å vera med i soknerådet:

- 1 . Du bidreg til å halda lokalkyrkja levande
- 2 . Du vert del av eit kristent fellesskap
- 3 . Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
- 4 . Du kan sørgja for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge
- 5 . Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
- 6 . Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
- 7 . Du kan sørgja for at kyrkja di er ein open og inkluderande kyrkje
- 8 . Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
- 9 . Du får nyttig styrerøynsle som du kan bruka i andre samanhengar
- 10 . Du kan oppdaga nye sider ved deg sjølv



Salg, montering og service av varmepumper

Ole Andreas Myrstad

www.comfortservice.no

Tlf. 906 32 818

Panasonic
ideas for life



**MITSUBISHI
ELECTRIC**



Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dere som pårørende,
med alt som hører ei verdig gravferd til.*



Blomstertorget A/S · Dale Senter · 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 · Mobil 975 21 569 · Telefaks 57 73 98 01



Fjordane

BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane


Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

www.fjordan.no

epost: post@fjordan.no

Lindbøen 2	6809 Førde	Vakttelefon 57 82 70 30
Markegt. 42	6900 Florø	Vakttelefon 57 74 31 36
Lailas Blomster		Telefon 57 73 02 95



Vi er din lokale fagbutikk i kommunen som leverer alt av blomar i anledning gravferd:



- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*



Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.

Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

Søndag 27. januar kl. 11.00
Gudsteneste.

Søndag 3. februar 11.00
Gudsteneste.

Søndag 17. februar 11.00
Gudsteneste.

Søndag 17. mars kl. 17.45
Gudsteneste.

Søndag 21. april kl. 12.00
Gudsteneste.

Søndag 5. mai kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste.

Fredag 17. mai kl. 10.00
17. mai-gudsteneste.



VILNES KYRKJE

Søndag 13. januar kl. 11.00
Gudsteneste.

Søndag 17. februar kl. 15.00
Gudsteneste.

Søndag 31. mars kl. 11.00
Gudsteneste.

Fredag 12. april kl. 13.00
Skulegudsteneste.

Mandag 22. april kl. 11.00
Gudsteneste.

Lørdag 11. mai kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste.



HOLMEDAL KYRKJE

Tysdag 1. januar kl. 17.00
Gudsteneste.

Søndag 10. februar kl. 11.00
Gudsteneste.

Søndag 10. mars kl. 16.00
Gudsteneste.

Fredag 19. april kl. 19.00
Gudsteneste.

Søndag 28. april kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste.

Fredag 17. mai kl. 11.15
17. mai-gudsteneste.



BULANDET KAPELL

Søndag 20. januar kl. 11.00
Gudsteneste.

Søndag 3. mars kl. 11.00
Gudsteneste.

Søndag 14. april kl. 11.00
Gudsteneste.

Lørdag 25. mai kl. 12.00
Konfirmasjonsgudsteneste.



KVAMMEN KAPELL

Søndag 13. januar kl. 17.00
Gudsteneste.

Søndag 3. februar kl. 15.00
Gudsteneste.

Søndag 10. mars kl. 19.00
Gudsteneste.

Torsdag 18. april. kl. 19.00
Gudsteneste.

Søndag 26. mai kl. 12.00
Konfirmasjonsgudsteneste.



STONGFJORDEN KAPELL

Tysdag 1. januar kl. 19.30.
Gudsteneste.

Søndag 26. mai kl. 10.00
Konfirmasjonsgudsteneste.



VÆRLANDET KAPELL

Søndag 3. februar kl. 10.30
Gudsteneste.

Søndag 14. april kl. 17.00
Konfirmasjonsgudsteneste.

Lørdag 25. mai kl. 10.00
Konfirmasjonsgudsteneste.

Innkommne minnegåver i 2018 ved gravferd

Sigrid Amanda Helle

Klara Nybø

Sølvi Mjåseth

Anders Nikøy

Herborg Aslaug Karlsen

Arne Jarl Vilnes

Jorunn Ringstad

gåve til Holmedal kyrkje

gåve til Værlandet bedehuskapell

gåve til Stongfjorden kapell

gåve til Bulandet kapell

gåve til Vilnes kyrkje

gåve til orgelet i Askvoll kyrkje

Sjå oppdaterte
gudstenestelister på:
askvoll.kyrkja.no



Kyrkjelege handlingar



DØYPTE

ASKVOLL KYRKJE

22. juli John Liam Frøysa
 7. oktober Jonathan Indrebø
 7. oktober Leo Nikøy Sætren
 28. oktober Lyder Bakke Lammetun
 28. oktober Lucas Håvåg Karlsen
 2. desember Linnea Børve Selvik

HOLMEDAL KYRKJE

2. september Ola Yndestad Klausen

KVAMMEN KAPELL

16. september Isak Nervik Gulbrandsen

VILNES KYRKJE

23. september Oline Kleiven Drageset



VIGDE

VILNES KYRKJE

18. august Ann Kathrin Hårklau og Tommy Mjåseth



GRAVLAGDE

ASKVOLL

20. september Ola Nordeide f.1932
 21. september Jorunn Ringstad f.1943
 23. oktober Ove Per Follevåg f.1953
 6. desember Gunnar Lothe f.1949

HOLMEDAL

24. august Arnhild Guddal f.1940
 19. oktober Karina Skarstein f.1926
 12. november Jon Skarstein f.1932

VILNES

14. september Arne Jarl Vilnes f.1928
 17. oktober Jarl Hårklau f.1937

BULANDET

13. november Målfrid Nikøy f.1931

TRENG DU NOKON Å
 SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.
 Nokre treng berre å slå av ein prat.


Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
 22 40 00 40

SOS
 MELDING

SOS
 CHAT

 **KIRKENS
 SOS**



Gudstenester i jula

JULAFTAN

Kl. 12.00 Vilnes kyrkje
Kl. 14.00 Holmedal kyrkje
Kl. 16.00 Askvoll kyrkje
Kl. 13.30 Kvammen kapell

JULEDAG

Kl. 12.30 Bulandet kapell

NYTTÅRSAFTAN

Kl. 16.00 Askvoll kyrkje

NYTTÅRSDAG

Kl. 17.00 Holmedal kyrkje
Kl. 19.30 Stongfjorden



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll

KONTAKT OSS



RUNE ZIENER
Dagleg leiar/kyrkjeveerje

☎ 479 63 319
✉ kyrkjeveerje@askvoll.kyrkja.no



MARIT VEBERG ASK
Kyrkjesekretær

☎ 918 74 724
✉ kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no



STEIN HUGO FYKSE
Sokneprest

☎ 909 60 154
✉ sokneprest@askvoll.kyrkja.no



MALGORZATA ANNA TVEIT
ORGANIST

☎ 951 84 429
✉ organist@askvoll.kyrkja.no



INGVILD LOFTHEIM
Prosjektmedarbeidar

☎ 459 72 419
✉ konsulent@askvoll.kyrkja.no

No kan du betale for kyrkjebladet på sms

Send **BLAD**
på sms til **2380**

(200 kr.)

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll
Telefon: 918 74 724 · e-post: post@askvoll.kyrkja.no
Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no
Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll



Kontortid: Tysdag til torsdag kl. 09.00 – 15.00 Fredag kl.: 10.00 – 14.00

Kyrkjebladredaksjonen: Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask.

Leiar Askvoll sokneråd: Jostein Gryte, tlf. 909 38 382